

Honorarfond til folkemusikk

FØREMÅL

Føremålet med honorarfondet er å gjere folkemusikken i Setesdal kjent og høyr, og å stimulere til aktivitet blant folkemusikkutøvarar, ikkje minst dei unge. Fondet kan dekke delar av honoraret når ein arrangør bruker folkemusikarar med lokal tilknytning til arrangement i Bygland, Valle og Bykle kommunar. Dersom det er unge utøvarar, kan fondet dekke heile honoraret.

Det er Valle sparebank, Valle, Bykle og Bygland kommunar som finansierer fondet, og Setesdal spelemannslag administrerer det.

KVEN KAN SØKJE OM TILSKOT?

Alle arrangørar - lag, foreiningar, bedrifter eller privatpersonar - med tilskipingar i Bygland, Valle og Bykle kommunar, kan søkje om tilskot frå fondet. Ordninga gjeld ikkje for offentlege institusjonar.

Honorarfondet kan støtte arrangement av dei fleste slag, anten det dreier seg om kulturinnslag ved konferansar, bedriftssamlingar, representasjonsoppdrag, opningsfestar, jubileum, "runde dagar", private tilskipingar eller anna.

RETNINGSLINER FOR TILDELING

Setesdal spelemannslag administrerer fondet, og definerer kva for utøvarar som kjem inn under ordninga. Det er utarbeidd rettleiande honorarsatsar for ulike typar utøvarar.

For unge utøvarar dekker fondet heile honoraret inntil kr 2500. For tilskipingar med andre utøvarar må arrangøren dekke ein eigendel på 1/3 av totalt honorar, medan fondet dekker resten, avgrensa til 15 000 kr.

SØKNAD OM TILDELING

Søknad om tilskot frå fondet skal sendast til Honorarfond til folkemusikk. Skriv ein enkel søknad som inneheld opplysningar om arrangør, type arrangement, stad/tid, utøvar(ar) og avtalt honorar. Søknader blir handsama fortløpande, og tildeling skjer dersom søknaden tilfredsstillar retningslinene, og så lenge det er midlar på fondet.



Valle Sparebank

er hovudbidragsytar til
Honorarfond til folkemusikk.
Valle sparebank støyr kulturen.



Bykle
kommune



Valle
kommune



Bygland
kommune



Setesdal Spelemannslag

Spørsmål?

Sjå www.setesdalfolk.no

eller

kontakt Setesdal spelemannslag for meir informasjon om ordninga.

Søknad sender du til

Honorarfond for folkemusikk

v/Astri Rysstad,

4748 Rysstad


Tlf. 915 75 925

honorarfondet@setesdalfolk.no

*Ei ordning
for deg
som vil
ha eit
arrangement
i Bygland,
Valle
eller Bykle
kommunar*

**Honorarfond
til
folkemusikk**

Nokre folkemusikarar i Setesdal



Kirsten Bråten Berg

Opphavleg frå Arendal, men har budd i Valle i Setesdal så å seie heile sitt vaksne liv. Kirsten er folkemusikar og sølvsmed, og ho er rekna som ein fornyar av folkemusikken. Ho har fått ei rekke utmerkingar, mellom anna Spellemannprisen. Kirsten Bråten Berg har gitt ut og medverka på ei rekke Cd-ar, turnert over heile verda, og er statsstipendiat. Ho er også lærar i Valle kulturskule, og opptre ofte med elevar derfrå.



Hallvard T. Bjørgum

Folkemusikar og sølvsmed frå Rysstad i Valle, og ein av landets fremste tradisjonsberarar innanfor hardingfelemusikken. H. T. Bjørgum har gitt ut og medverka på eit tjugetals plater, og vunne Landskapleiken og Spellemannprisen fleire gonger. Han har vore statsstipendiat frå 1991. Opp igjennom åra har han samarbeidd med musikarar frå ei rekkje sjantrar og frå fleire land.



Anne Karin Kaasa

Songar frå Bygland, vart kjend då ho, saman med Hallvard T Bjørgum på hardingfele, song under Spellemannprisutdelinga i 1989. Deltok m.a. i Melodi Grand Prix i 1992. Har gitt ut fleire cd-ar, og er ein populær artist med stort spekter. For *Spor i landskap* (2010) fekk ho strålende kritikkar.




Kim André Rysstad

Folkemusikar, kvedar og songar frå Rysstad. Debutalbumet *Tak hardt uti hand* kom i 2007 og vart kåra til *Årets soloalbum* under bransjetreffet Folkelarm i 2008, og Vårt Land skreiv at "allerede med sin debut står Kim André Rysstad frem som en stemme for alle tider". I 2009 vann han INTRO-folk og blei av Rikonsertane og FolkOrg kåra til *Årets unge folkemusikar*. Har hatt ymse oppdrag i inn- og utland, åleine og saman med andre.




Jamie Lodberg

Kanadiar som har gjort så grundig setesdøl av seg sidan han kom til Valle i 2007, at han talar målet betre enn dei fleste og svingar felebogen på høgde med dei beste. Tek ofte og gjerne på seg oppdrag, og underviser hardingfele i Valle kulturskule.



Fjellfolk

Fjellfolk er sett saman av Helga Jacobsen, vokal, og Trym Bjønnes, tangentar/vokal. Duoen er kjende frå Melodi Grand Prix, og har mellom anna spela på Eikerapen Roots festival og Canal Street. Med sin sjanger-overskridande musikk har dei brakt folkemusikken ut til eit breiare publikum.



Tor Hoslemo

ung og drivande dyktig felespelar frå Bykle. Som fleire av dei andre utøvarane tek han oppdrag åleine eller saman med andre. Han vann Grieg-finalen 2006 i Arendal, fekk Aust-Agder sitt kulturstipend i 2007, vann Landskapleiken i yngste klasse i 2007 og 2009 og har dessutan delteke på ulike CD-prosjekt.



Daniel Sandén-Warg er utdanna sølvsmed frå Sylvartun, og spelar hardingfele, fele, munnharpe, gitar og nyckelharpa. Han spelar fyrst og fremst slåttar i Hylestadtradisjon. Sandén-Warg er ofte nytta som band- og studiomusikar, og spelar med Sissel Kyrkjebø, Odd Nordstoga, Åsmund Nordstoga og Harv, i tillegg til å ta på seg lokale oppdrag.



Sigurd Brokke

Munnharpespelar frå Rysstad i Valle som har vunne Landskapleiken to gonger. Har gitt ut platene *Rammeslag* og *Rammeslag II* saman med Daniel Sandén-Warg. Både desse produksjonane vann Folkelarmprisen i klassen Solo, i 2007 og 2009. *Rammeslag II* vart dessutan nominert til Spellemannprisen. I 2012 gav han ut solo-Cd'en "Munnharpe". Sigurd tek på seg oppdrag åleine og saman med andre utøvarar.



Gunnar Stubseid

Spelemann frå Bygland, busett på Helle i Valle. Opptre både solo og i samspel med andre. Han har gitt ut og medverka på eit titals CD-plater, fått Spellemannprisen med gruppa Slinkombas og har i tillegg vore nominert til same prisen tre gonger. Har eigen gammaldanstrio (hardingfele, trekkspel og bass).



Kjetil Carolis Jore

Munnharpespelar og dansar frå Valle, Er ein av dei få som spelar og bygger setesdalstromme. Opptre både åleine og saman med andre med munnharpe, trommer og dans.



Knut Arne Rysstad

Spelar hardingfele, tek oppdrag både åleine og saman med andre. Han spelar både til konsert og dans for dei som har lyst til å trø gangaren, og er også ein habil dansar sjølv.



Sigrid Kjetilsdotter Jore

Sigrid er frå Valle, ho kvedar og dansar. Ho har opptredd i ulike samanhengar sidan ho var lita, og held også kurs.

Knut Kjetilson Jore

Knut er kvedar, og han er ein av våre unge og svært lovande folkemusikarar. Trass i ung alder er han ein scenevant, allsidig og røynd utøvar, og har stått på scenen utalige gongar, både heime i Valle og i dei store byane.



Birgit Anette Helle og Tor Espen Helle

Søskjenpar frå Valle som har dansa gjennom heile oppveksten, og som ofte får oppdrag både som underhaldarar og kursinstruktørar. Birgit Anette kvedar også.



Sæbyggjan

Sæbyggjan er eit dansarlag under Setesdal spelemannslag. Dei tek på seg store og små opptredningar, og held kurs for både vaksne og ungdom.

Dette er eit utval av våre folkemusikarar. Dersom ønskjeleg vil vi også kunne gi deg informasjon om andre utøvarar som kan passe til akkurat ditt arrangement. Det kan vere innafor dans, kveding, felespel eller anna, enkeltutøvarar eller grupper, profesjonelle eller amatørar.

*Folkemusikken står sterkt i Setesdal,
og vi er stolte av utøvarane og tradisjonane våre!*